

BØKER I BØ

L I T T E R A T U R F E S T I V A L

3.–5. mai 2019

Judith Hermann
Simon Strauss
Inger Bråtveit
Roskva Koritzinsky
Mona Høvring
Knut Hoem
Ruth Lillegraven
Eldrid Lunden
Vidar Sundstøl
Tore Skeie
Montserrat Ontiveros
Randi Fuglehaug
Kaja Marie Kvernbakken
Sofus Greni
Lina-Marie Ulvestad Halås
Bjørn Esben Almaas
Rune Christiansen
Kalle Løchen
Gina Winje
Clara Bellegarde
Hanne Ramsdal
Forfatterstudentane
Tom Roger Aadland m/band
Arnfinn Åslund
Endre Ruset
Pedro Carmona-Alvarez
Edy Poppy
Evelyn Rasmussen Osazuwa
Tom Stalsberg

bokeribo.no

Velkommen til Bøker i Bø 2019

Igjen kan me ønskje velkomen til litteraturfestival i Bø. Me gler oss over å by deg på eit variert og godt program.



Judith Hermann

Nye stemmer og meir etablerte forfattarar ventar deg første helga i mai. Det er møte med tidlegare forfattarstudentar som kjem tilbake til Bø, no med bokutgiving i bagasjen. Det er lokale stemmer frå Telemark. Det er opplesing for dei minste.

Det er poetisk vandring. Det er noko for den historieinteresserte. Det er scenekunst. Det er musikk. Det er film. Og enda meir!



Simon Strauss

Me gledar oss stort over i år å ha med kontinentale røyster som gjestar oss på eit anna språk. To forfattarar frå den tyske bokheimen tar ei Telemark-reise. Me får møte Judith Hermann og Simon Strauss hos oss i Bø. «Der Traum in uns» («Draumen i oss») er slagordet Noreg presenterer seg med som gjesteland på den internasjonale bokmessa i Frankfurt til hausten. Og det var der det starta – som ein inspirerande draum! Me drøymte om å snu på det og kome tettare på nokre tyske forfattarar her hos oss. At det også var mogleg å få til, er takka vere godt samarbeid med Gina Winje, Goethe-Institutet og Telemark fylkeskommune.

Bli med inn i draumen, tre dagar litteraturfestival i Bø.

PRAKTISK INFORMASJON

Billetter: Førehandskjøp på www.gullbring.no eller på telefon 35 06 03 90.

Eventuelle restbilletter blir lagt ut for sal i døra. Møt i god tid.

Merk: Til konserten med Tom Roger Aadland må du ha eigen billett utanom festivalpasset.

KONTAKTINFO

Gullbringvegen 34, N-3800 Bø i Telemark

www.bokeribo.no – post@bokeribo.no

Billetter: 35 06 03 90

BAK BØKER I BØ

Rune Christiansen, Margit Ims,

Ingebjørg Ø. Nordbø, Hilde Pedersen, Heidi Stavrum.

Grafisk: Superlativ Media AS



KULTURRÅDET
Arts Council
Norway



Norsk Bibliotekforening

USN Universitetet
i Sørøst-Noreg



TELEMARK
fylkeskommune

FREDAG 3. MAI

Bibliotekseminar: «Poesi i det offentlege rom»

Bø hotell kl. 09.00-14.45


Ope fagseminar med spesiell invitasjon til bibliotekarar. Samarbeid med Bø bibliotek og fylkesbiblioteket. Poesi i det offentlege rommet er tema for denne dagen. Det blir eit mangfaldig og lærerikt poesiseminar der fleire aktuelle øktørar bidrar.

Tom Stalsberg, forfattar og journalist som har heldt ei stødig hand over poesien i Dagbladet gjennom mange år, snakkar om poesi og media og stiller spørsmål om kor støtt poesien står i media i dag.


Endre Ruset, ein sterk samtidspoet og tidlegare leiar ved Norsk litteraturfestival, tar opp kva sosiale medium har betydd for poesien dei siste åra.

Pedro Carmona-Alvarez er ein allsidig forfattar, han er også musikar, og med ulike grupper har han tatt med poesien til scena. Han snakkar om arbeidet med eigne og andres tekstar og kva som skjer på veg frå skrivebordet til scena.

Evelyn Rasmussen Osazuwa har arbeidd som skodespelar og slampoet. I 2017 vann ho verdsmeisterskapet i slampoesi i Paris, og blei då den første skandinaviske verdsmeisteren i slampoesi. Kva skil slampoesi frå annan poesi, og kva er hemmelegheita bak ei god framføring?



Tom Stalsberg



Evelyn Rasmussen Osazuwa



Endre Ruset



Pedro Carmona-Alvarez



Roskva Koritzinsky
Foto: Håkon Borg



Inger Bråtveit.
Foto: Pernille Maria Walvik



Mona Høvring
Foto: Agnete Bjørn

Opningsfest i Gullbring – litterære mestermøte

Storsalen, Gullbring kl. 18.30

Denne kvelden er spesiell. Verda er omsett, og me vil bevege oss i eit litterært landskap frå Noreg til Tyskland – og attende. Til opninga kjem to tyske forfattarar, Judith Hermann og Simon Strauß, to av dei viktigaste stemmene i tysk samtidslitteratur. Judith Hermann fekk med debuten i 1998 omtale som “lovande litterært stjerneskot” og representant for ein heil forfattargenerasjon. Tjue år seinare mottar Simon Strauß liknande omtalar for debuten med romanen *Syv netter*. Knut Hoem presenterer oss for dei to tyske forfattarskapane og gir publikum innblikk i kva som rører seg i den tyske samtidslitteraturen. Me får òg to spanande og heilt unike møte mellom norske og tyske forfattarar, Judith Hermann i møte med Inger Bråtveit og Simon Strauß i møte med Roskva Koritzinsky.

På opninga får me òg opplesing ved Mona Høvring, Inger Bråtveit, Roskva Koritzinsky, forfattarstudentane. Harpespel med den fransk/tyske harpisten Clara Bellegarde, i samarbeid med Norsjø kammermusikkfestival.



Sleppfest for studentantologien 2019

Bø hotell kl. 21.00

Forfatterstudentane rundar av året i Bø med fersk antologi og held lanseringsfest som avrunding på første kvelden av Bøker i Bø. Med seg har dei forfattaren Hanne Ramsdal. Få opplesingar frå den ferske antologien og bli med å feire lansering med forfatterstudentane utover kvelden!



Ruth Lillegraven.
Foto: Agnete Bruun

LAURDAG 4. MAI Festivalfrokost i Hagestuen med Ruth Lillegraven

Bø hotell kl. 10.00 Billett: 175,-

Bli med og få ein god start på dagen med krimbok og buffet på frokostmenyen. Ruth Lillegraven presenterer og les frå *Alt er mitt*. Med denne boka er den allsidige Lillegraven også krimforfattar. Boka tar oss med inn i maktas korridorar og er omtalt som ein psykologisk thriller der ingenting er som du trur. Billetten inkluderer frokostbuffet.

Bok på Akademika

Akademika i Bøgata kl. 11.00

Akademika presenterer *Telemark Quizbok*. Per Otto Romøren og Thomas Flaaten Fredriksen har samla heile 1800 spørsmål om Telemark mellom to permar, så du kan få sjekke ut korleis det eigentleg står til med kunnskapen om smått og stort frå telemarksfylket.



Randi Fuglehaug
Foto: Pernille Walvik

Bokbeite for dei minste

Bø bibliotek kl. 11.00

Familiearrangement med lesestund på Bø bibliotek. Møte med Randi Fuglehaug og boka *Papelina* – ei annleis forteljing om flukt. Papelina og familien må reise frå heimen sin. Papa Gøye seier det er eit topphemmeleg eventyr! Det einaste Papelina får vite, er at dei skal til eit nydeleg fugleslott.

Randi Fuglehaug besøker også skular i Bø og Sauherad på fredag med opplesing og forteljing.

Poetisk bokbeite for store og små

Bø bibliotek kl. 12.30

Møte med poeten og barnebokforfattaren Ruth Lillegraven som les frå diktsamlinga *Skogen den grøne*. I denne vakre bildeboka følgjer me eit barns undrande blick på det som lever og hender i naturen. Lillegraven tar unge lesarar med inn i skogen – og inn i poesien.



I skjeringpunktet: Jon Fosse 60 år i 2019

Bø bibliotek kl. 14.00

Bøker i Bø markerer at Jon Fosse fyller 60 år i 2019. Gina Winje innleier om dramatikaren før førestillinga *Skuggen med Montserrat Ontiveros*. Montserrat Ontiveros er meksikansk skodespelar busett i Vinje i Telemark. *Skuggen* er eit kammerstykke, sett opp første gong i 2018, basert på to stykke av Jon Fosse, *Leve hemmeleg* og delar av *Suzannah*. Det er ei minimalistisk oppsetjing som handlar om å vere og ikkje å vere. Regi av Hans Jacob Sand. I samarbeid med Bø bibliotek og Bokåret 2019.

Bok på Notabene

Notabene på Bø senteret kl. 14.00.

Notabene presenterer Ruth Lillegraven og krimboka *Alt er mitt*. Boka er omtalt som ein psykologisk thriller der ingenting er som du trur. Boksignering.

Skrivekurs 4.-5. mai på Bø prestegard

Ein personlig skrive-workshop med Edy Poppy i heimbygda hennar. Dei som deltek på Skrivekurset kan sende inn tekstar på førehand og seinast 1. mai.

Kurstider: lørdag 04.05 kl. 9.00 - 16.00 og søndag 05.05 kl. 10.00 - 13.00. Kursavgift kr. 1500,- betalast til Edy Poppy etter nærare avtale. Kontakt og påmelding: edy_poppy@yahoo.no

Kursdeltakarar får gratis festivalpass og festivalpris på overnatting på Bø hotell. Bestilling av hotellrom og festivalpass til Ingebjørg Nordbø på e-post: immanord@gmail.com

Boksalong

Luna, Bø hotell frå kl. 17.00:
Billettpris (inkluderer alle fire): 200,-

Forfattersamtale kl. 17.00: Vidar Sundstøl og Ruth Lillegraven. Begge er aktuelle med nye bøker; Lillegraven med si første krimbok - *Alt er mitt* og Sundstøl med ein roman - *Hullet han krøp ut av*, den første etter ein lengre periode i thrillersjangeren.

Bokbad kl. 18.00: Bjørn Esben Almaas i samtale med Kalle Løchen
Bjørn Esben Almaas er ute med romanen *Den gode vennen* (2019) no i vår. «Kona mi setter bilen i gir og spør hvorfor jeg jager om hvor vi bor. Hvem var han? sier hun og rygger ut av parkeringsplassen. Bare kjør, sier jeg.» I samtale med filmvitere Kalle Løchen.

Back in Bø kl. 19:30: Bøker i Bø ønskjer tidlegare forfattarstudentar velkomen tilbake for eit litterært møte der det heile starta. Me får møte tre debutantar Sofus Greni, aktuell med romanen *Langs det utslåtte håret* og Lina-Marie Ulvestad Halås, aktuell med romanen *Randhav*, og Kaja Kvernbakken, aktuell med romanen *Klor*.

Filmkveld kl. 20.30: Rune Christiansen og Kalle Løchen deler av sin solide filmkunnskap. Denne kvelden presenterer dei forfattaren David Goodis. Goodis har vore aktuell i amerikansk og fransk film frå 40-tallet heilt til vår tid, filmatisert m.a. av Truffaut, Fuller, Tourneur og Verneuil. Kalle Løchen er filmvitar. Han har vore leiari for Cinemateket i Oslo, kinosjef i Bærum og har i ei årrekke vore redaktør for tidsskriftet Film og kino.



Vidar Sundstøl



Sofus Greni



Lina Marie Ulvestad
Foto: Anna Julia Grav



Kaja Kvernbakken.
Foto: Anne Julia Gran



Konsert med Tom Roger Aadland m/band. Samtale med Arnfinn Åslund før konserten.

**Parketten, Bø hotell kl. 22.00.
Må ha eigen billett/ingen pass.**

Tom Roger Aadland blir rekna som ein av landets beste tekst- og låtskrivarar. Han har hausta mykje ros for sine Dylan-gjendiktningar. «*Blondt i blondt*» blei kåra til Årets Album av NRK P1 Norsk på norsk i 2016. Same år var han også tekstforfattar på Hellbillies sitt album «*Søvnlaus*». Våren 2018 kom hans sjuande album «*Songfugl*» og i november kom «*Blod på spora*» som er gjendiktning av eit av Bob Dylan sine beste album, «*Blood on the tracks*». Tom Roger Aadland er kjent som ein energisk utøvar med unik formidlingsevne. Før konserten blir det ein samtale med Arnfinn Åslund. I samarbeid med Bø jazzklubb.



Rune Christiansen



Eldrid Lunden

SØNDAG 5. MAI Poetisk vandring frå Bø gamle kyrkje til Bø prestegard

Bø gamle kyrkje kl. 12.30

Kortreist litteratur og lokalhistorie i det idylliske kulturlandskapet på vegen frå Bø gamle kyrkje til prestegarden. Eldrid Lunden og Rune Christiansen les dikt. Eldrid Lunden er nominert til Nordisk råds litteraturpris for siste diktsamlinga *Det er berre eit spørsmål om tid*. Rune Christiansens siste utgiving er diktsamlinga med den lange tittelen *Jeg uttrykker meg feilaktig om årstidene eller De små epistlene som fikk den storslagne tittelen Det gygne skinnet*. Finn Rønning er lokal vegvisar. Vandringa ender opp i Bø prestegard der det blir servert formiddagsmat.



Aasmundsen
NÆRBAKST



BEVERØYA
HYTTEUTLEIE OG CAMPING



Tore Skeie.
Foto: Paw Wegner Gissel

Tore Skeie presenterer Hvitekrist

Bø prestegard kl. 14.00 Billett: 200,-

Det blir historisk sus over hendinga i Bø prestegard denne søndagen når Tore Skeie fortel frå boka *Hvitekrist*. Skeie er ein framifrå historieformidlar og med *Hvitekrist* tar han oss med på ei forrykande ferd gjennom den turbulente perioden då vikingtida var på hell og kongeriket Noreg var i støypeskeia. Kristendommen spreidde seg og skapte ein ny samfunnsorden. *Hvitekrist* gir eit friskt blikk på historia, der menneske og hendingar frå vikingtida blir løfta ut av sagaane og inn i ein større europeisk samanheng. Matsservering i prestegarden

MATSERVERING PÅ HOTELLET

For alle arrangementa på Bø hotell vil du kunne kjøpe deg eit enkelt og smakfullt måltid.



Filmsalongen syner Gavagai

Bø kino kl. 18.30 Billett: 120,-

I samarbeid med Bø kino rundar me av festivalen med filmsalong og visning av filmen *Gavagai*, den amerikanske kultregissøren Rob Treganza sin film om sorg, inspirert av Tarjei Vesaas og kinesiske spøkelseshistorier. Filmtittelen spelar på kor vanskeleg det er å omsetje fantasiens språk til forstålege omgrep. Uendeleg vart har regissøren, med god hjelp av den norskætta manusforfattaren Kirk Kjeldsen, føyd saman Vesaas ord, hovudpersonens lengt og sagn, med landskap i Telemark. Etter filmen viser vi bakomfilmen, med filmskapar Einar Andreas Søli til stade. I salongdelen får vi høyre meir om Tarjei Vesaas og hans forfatterskap.

Legenden om

NARNJA

LØVEN, HEKSA OG GARDEROBESKAPET

TELEMARK BARNE- OG UNGDOMSTEATER

ESENHUSET
Drammensveien 4-6
LØRDAG 27. APRIL - KL. 16.00
SØNDAG 28. APRIL - KL. 13.00 OG 17.00
Billetter kr 250 / 200 inkl. avgifter

GULLBRING KULTURANLEGG
Sognvold
TORSDAG 2. MAI KL. 18.00
Billetter kr 220 / 150
Avgift kommer i tillegg

Støttet av: Telemark fylkeskommune, Steen kommuner, Kringel kommuner, Fjellanger kommuner, Sparerbankforbundet DB og Sparerbanker Sør

©Billetter: www.esenhuset.no ©Billetter: www.gullbring.no



MidtTelemark
Næringsutvikling

SPAREBANKEN
SØR

Buen Gruppen

BØKER I BØ

L I T T E R A T U R F E S T I V A L

ARRANGEMENTSOVERSIKT | 3.-5. mai 2019

FREDAG 3. MAI

Bibliotekseminar: «Poesi i det offentlege rom»	Bø hotell	9-14.45	200,-
Opningsfest i Gullbring - litterære meistermøte	Gullbring	18.30	300,-/150,-
Sleppfest for studentantologien 2019	Bø hotell	21.00	Gratis

LAURDAG 4. MAI

Festivalfrokost med Ruth Lillegraven	Bø hotell	10.00	175,- <i>inkl. frokostbuffet</i>
Bok på Akademika: Telemark Quizbok	Akademika	11.00	Gratis
Bokbeite for dei minste med Randi Fuglehaug	Bø bibliotek	11.00	Gratis
Poetisk bokbeite for store og små med Ruth Lillegraven	Bø bibliotek	12.30	Gratis
I skjeringspunktet: Skuggen med Montserrat Ontiveros	Bø bibliotek	14.00	Gratis
Bok på Notabene med Ruth Lillegraven	Notabene	14.00	Gratis
Boksalong 1. Forfattarsamtale kl. 17.00: Vidar Sundstøl og Ruth Lillegraven. 2. Bokbad kl. 18.00: Bjørn Esben Almaas i samtale med Kalle Løchen 3. Back in Bø kl. 19.30: Sofus Greni, Kaja Kvernbakken, Lina-Marie Ulvestad Halås 4. Filmkveld kl. 20.30: Rune Christiansen og Kalle Løchen	Bø hotell	17.00	200,- /100,-
Konsert med Tom Roger Aadland m/band. Samtale med Arnfinn Åslund før konserten.	Bø hotell	22.00	285,- <i>Må ha eigen billett</i>

SØNDAG 5. MAI

Poetisk vandring frå Bø gamle kyrkje til Bø prestegard med Eldrid Lunden, Rune Christiansen, Finn Rønning	Bø gamle kyrkje	12.30	Gratis.
Tore Skeie presenterer Hvitekrist	Bø prestegard	14.00	200,-
Filmsalong	Bø kino	18.30	120,-

Prisar inkl. billettavgift | Born under 16 gratis